

Budsjett 2011



Endelig budsjett etter vedtak i
kommunestyret i sak 056/10 -
25.11.2010



RADOY
den grønne øya



Tryggleik, trivsel og livskvalitet for alle

Budsjettet og økonomiplanen er rådmannen sitt viktigaste arbeidsdokument for året 2011 og perioden 2011-2014. For at rådmannen skal kunne jobbe mot kommunen sin visjon – Trivsel, tryggleik og livskvalitet for alle – må ein ha økonomisk handlingsfriheit til å levere eit godt og stabilt tenestetilbod. Rådmannen støttar seg til hovudmåla i vedteken kommuneplan.

Hovudmål

Ei berekraftig samfunnsutvikling som sikrar livskvalitet og livsgrunnlag i dag og for komande generasjonar

Aktiv deltaking i utviklinga for alle som bur og arbeider i kommunen

Sikre og gode oppvekstvilkår for barn og unge

Kommuneplanen er under revisjon. Om alt går etter planen vil ny kommuneplan vere klar for vedtak i løpet av 2011. Då vil ein også sjå på hovudmåla og ha prosess for å revidere også desse.

Rådmannen innførte i 2008 balansert målstyring i kommunen. Det har vore utarbeidd målark både på kommunenivået og på einingsnivå. Målarka har dette året blitt revidert. Det er no større samanheng mellom dei overordna kommunemåla og måla på einingsnivå. Rådmannen har tru på at arbeidet med mål og målstyring gir betre fokus og får ein til å prioritere det viktigaste. Målarka vert lagt fram for kommunestyret i eiga sak.

Stram økonomi

Radøy kommune har ein stram kommuneøkonomi og har hatt det i lang tid. Statsbudsjettet for 2011 ga Radøy kommune ein inntektsvekst, noko som resulterer i eit utvida driftsomsfang. Rådmannen er uroleg over situasjonen i fireårsperioden. Situasjonen er slik at kommunen er avhengig av at lånerenta held seg låg i lang tid framover. Vi er

også avhenging av at driftsomsfanget og aktiviteten ikkje vert vidare utvida. Skal det satsast og prioriterast innanfor tenesteomfanget vårt, må noko prioriterast bort. Dersom det kjem fleire born som har behov for barnehageplass vil dette gi kommunen direkte utgifter. Tidlegare fekk kommunen skjønstilskot og justert rammetilskot i høve utviding av barnehagane. Slik er det ikkje lenger, og kommunen må no ta all utviding innanfor eksisterande rammer.

Med grunnlag i kommunen sin økonomiske situasjon, og utsiktene framover, vil rådmannen setja i verk omstillings tiltak i 2011 med mål om å spare inn 2 mill på drifta i 2011 og ytterlegare 2 mill i 2012.

Offensive mål i teknisk sektor

Radøy kommune må i åra framover vere flinke på inntektsida. Gjennom rullering av kommuneplanen må ein tenkje utvikling både innanfor bustad og næring. Folketalsvekst og utvikling av nye attraktive bustadfelt vert viktig. Rådmannen vil freista å vere offensiv og positiv i høve sakshandsaming på plan – og byggjesak. Med styrking av plan, næring og teknisk vil ein kunne setja seg nye og offensive mål innanfor dette feltet. Måla finn du under hovudområde plan, næring og teknisk. Teknisk sektor er kanskje kommunen sitt viktigaste omdømeområde og det vert viktig for kommunen å ha riktig bemanning slik at sørvisen til brukarane vert opplevd som god.

Nye oppgåver og store ambisjonar

Nye og store oppgåver kjem. Helsereform, utfordringar knytta til skule – og skuleresultat, store og uoversiktlege utfordringar knytta til barnevern, og i tillegg får kommunane mange nye lov-pålagte oppgåver utan fullfinansiering. Dokumentasjonsplikta, internkontrollrutinar, systemkontroll og rapporteringsplikta er no så arbeidskrevjande at det får direkte konsekvensar for korleis

ein leverer tenester. Rådmannen meiner at alle leiarar og tilsette i kommunen har lov å stille spørsmål om me brukar tida vår rett. På tross av alt dette har rådmannen ambisjonar for Radøy. Ambisjonane rettar seg særleg mot dei to største sektorane innanfor kommunal tenesteproduksjon – oppvekst og eldreomsorg, men også mot teknisk sektor der mellom anna ny plan og bygningslov gir kommunen utfordringar.

Barn og unge som fokusområde

Rådmannen ønskjer å ta eit løft for barn og unge. Satsing på innhaldet i skulen – kartlegging av nåsituasjonen gjennom ein ståtadsanalyse skal gi verdifull innsikt. I løpet av 2011 vil rådmannen presentere både tilstandsrapport og kvalitetsmelding innanfor skulesektoren. Dette vil gi oss verdifull innsikt og skuleeigar vil på ein meir systematisk måte jobbe meir målretta for å oppnå gode resultat. Foreldreundersøkinga i Radøyskulen har betre resultat enn landsnittet innanfor alle hovudområde – foreldra er mest nøgde med informasjonen dei får frå skulen og lærarane

Rådmannen er uroleg over talet på barnevernssaker i kommunen. Over 50 nye saker så langt i 2010 er eit signal om at her må kommunen prioritere førebyggjning, samordning av tenester og gode langsiktige tiltak med tidleg innsats. Går ein inn i tala finn ein at Radøy kommune brukar nær tre gonger så mykje pengar til barnevern enn andre kommunar innafor kommunegruppa vår. Vi har mange svære kompliserte saker som kostar mykje. Rådmannen ønskjer å starte eit utviklingsarbeid innanfor sektoren. Målet vil vere betre bruk av barnevernsmidlar. Ein vil freiste å få prosjektmidlar både frå fylkesmannen og Bufetat. Eit prosjekt retta mot ungdom, der ein ser på tverrfagleg samarbeid mellom til dømes psykiatri, helsestasjon, kyrkje, ungdomsskule og lag og organisasjonar bør setjast i gang. Kommunen må søkje om midlar til dette via fylkesmannen. Les meir om mål for barnevernet under kapittelet oppvekst.

Helse og omsorg

Innanfor Helse og omsorgssektoren skjer det mykje. Nye lovverk, samhandling med helseforetaka, inn- og utskrivingsproblematikk, liggjedøgn på sjukehuset, overbelegg på Velferdssenteret og stort press i Heimete-nesta er stikkord som pregar mykje av kvardagen innanfor denne sektoren. For rådmannen vert det viktig å setje eit lys på korleis me brukar tida vår, pengane våre og kompetansen vår. Oppgåver innan folkehelse, førebygging, demens, rus og psykiatri vil auke monaleg i åra framover og kommunen må dimensjonere dei ulike tenestene rett. Arbeidet med å sjå på ressursutnyttinga og kvaliteten i våre tenester innanfor dette området vert spanande og viktig. Kommunestyret vil på våren få ei sak til handsaming vedkomande desse tema.

Arbeidsmiljø

Radøy kommune brukar lite ressursar på personal og personaloppfølging. Einingsleiarane har arbeidsgjevaransvar for tilsette på eininga, og personalrådgjevar har overordna ansvar i lag med rådmannen. Med over 600 tilsette er personalarbeidet ein viktig del av oppfølginga av dei tilsette. Einingsleiarane vil ha driftsfokus, og fokus på grunnleggjande personalarbeid skal vektast mot andre viktige oppgåver og prioriteringa vert utfordrande. På overordna nivå ser rådmannen at mykje arbeid skulle vore gjort for at dei tilsette skal oppleve kommunen som ein betre arbeidsgjevar. Overordna planar, arbeidsgjevarreglement, permisjonsreglement, hmt rutinar, avvikshandtering, oppfølging av sjuke-melde, kontakt med NAV, førebyggje at tilsette vert uføretrygda og fokus på nærvær vert skvist mellom arbeid med einskildsaker, tilsettingar og rutineoppgåver. Organisasjonen treng betre tid til oppfølging av leiarane og til å setje ut i livet slike arbeidsgjevarprosessar i einingane. Rådmannen er opptatt av at dei tilsette skal oppleve kommunen som ein god, trygg, og interessant arbeidsplass. Innhald i jobben, arbeidsoppgåver og samarbeid med leiar og kollegaer er viktige område som må prioriterast. Radøy kommune har sidan 2008 arbeidd systematisk med sjukefråværet. I 2009 hadde me ein reduksjon på 13% som var nær målet på 15%. Denne reduksjonen held diverre


ikkje fram i 2010. Det vert omtrent som 2009, eller kanskje ein lita auke. Rådmannen meiner at om kommunen som arbeidsgjevar ønskjer å lukkast i høve arbeidet med personaloppfølging, må det også satsast på dette området. Rådmannen ønskjer i 2011 å starta eit målretta personalarbeid både på einingsnivå og på rådmannsnivå. Rådmannen vil over nyttår koma med ei sak til kommunestyret der ein vil sjå på dei ulike utfordringane på personalsida og kome med framlegg til tiltak.

Næringsutvikling


Industriområdet på Olsvollstranda har hatt ei positiv utvikling i 2009. Det er tydeleg at aktivitet skapar aktivitet. Interesse for nyetableringar har auka, og rådmannen ser at området har eit

stort potensiale for utvikling. Det må i 2011 vurderast om kommunen skal utarbeide ny reguleringsplan for området. Dei to siste åra har kommunen hatt halvdagsmøte med næringslivet. Rådmannen meiner dette er eit viktig møtepunkt og ein arena for dialog. Det ligg i planane at det også i 2011 vert eit slikt møte. Trongen for næringsareal både på Manger og andre deler av kommunen kjem som tema frå tid til annan. Kommunen ønskjer å spele på lag med næringslivet, og vi har eit mål om at me alltid skal sjå på moglegheitene framfor problema.

Fordeling utgifter pr område 2011



Sjukefråvær



Statsbudsjettet vart framlagt i oktober 2010, og dette dokumentet er førande for vurderinga av kommunen sine utgifter og inntekter i 2011. Den såkalla prisindikatoren for 2011 er fastsett til 2,8%, der påreknna lønsvest er 3,25%. Det er lagt til grunn at fordelinga mellom skatteinntekter og rammetilskot skal endrast, slik at ein større del av kommunane sine inntekter kjem i form av rammetilskot. For skattesvake kommunar som Radøy er dette ein fordel. I 2010 er det rekna med at skatteinntektene skal utgjera 45% av samla inntekter, og for 2011 skal denne delen reduserast til 40%. For å oppnå dette, legg regjeringa opp til at det kommunale skatteøyret skal setjast ned frå 12,8% i 2010 til 11,3% i 2011.

Til vanleg vert det rekna med at kommunen må ha eit driftsresultat på minimum 3% for at ein skal vera i stand til å setja av nok midlar til å sikra stabil drift også i framtida. Rådmannen legg opp eit driftsresultat på 2,27% i 2011, men vil gjera tydeleg merksam på at eit driftsresultat på under 2,5% over tid vil svekka kommunen si økonomiske handleevne. Sum driftsinntekter har no passert 300 mill, og eit netto driftsresultat på ca 9 mill hadde vore ønskjeleg.

Dei største inntekstpostane i kommunen sitt budsjett er rammetilskot og skatteinngang.

Rammetilskotet er grovt sett samansett av to deler. Den eine delen er eit innbyggjartilskot, som er likt for alle kommunar. Den andre delen er eit utgiftsutjamnande tilskot, som skal gjera at «tungdrivne» kommunar får høgare tilskot, samstundes som «lett drivne» kommunar vert trekte tilsvarende. Det vert nytta ein sinnrikt system av faktorar og indeksar for å rekna ut den einskilde kommune sin del av kostnadsutjamninga. For 2011 er dette systemet lagt mykje om, med både nye nøkkeltal og endra vektning. Ein har i større grad enn tidlegare lagt vekt på andre kriteria enn berre folketalet.

Skatteinngangen er også grovt sett samansett av to deler. Den eine er skatten som innbyggjarane betalar til kommunen. Den andre delen er ei inntektsutjamning, der skatterike kommunar må gje frå seg noko av inntektene sin til skattesvake kommunar. Også her

er det eit sinnrikt system for omfordelinga, med grunnlag i folketalet i kvar einskild kommune. Dei seinare åra har det også her skjedd ei endring mot sterkare omfordeling.

Teljetidspunkt for innbyggjartal og aldersfordeling som grunnlag for rammeoverføringa i 2011 er 1. juli 2010. Tala for rammetilskot er såleis langt på veg fastsette alt no.

For inntektsutjamning er teljetidspunktet 1.1.2011. Det betyr at påreknna skatteinngang og inntektsutjamning kan endrast noko dersom folketalet endrar seg resten av året.

Summen av dei endringane og omleggingane som går fram av statsbudsjettet gjer at Radøy kommune framstår som ein av «vinnarane» når det gjeld overføringar frå staten i 2011.

Ordinært **skjønstilskot** er redusert med kr 500.000 frå 2010 til 2011. Dette skuldast i all hovudsak at Hordaland ikkje får del i det særlege tilskotet til skattesvake kommunar i Sør-Noreg i 2011. Her er det lagt såkalla «gjennomsnittsbetraktningar» til grunn, og dermed kjem Hordaland samla sett «over streken». Når vi likevel får 3 mill i skjønstilskot, stadfester det at fylkesmannen har forståing for Radøy kommune sine særlege utfordringar på ein del område.

Ved utrekning av **eigedomsskatt** er det lagt til grunn faktiske tal for takseringa i 2010. Vidare er det føreset ein årleg auke som følgje av nybygg med eit samla grunnlag på 45 mill. Dette svarar til 30 årlege nybygg med

ein gjennomsnittleg verdi på 1,5 mill. Veksten i 2010 vart noko høgare enn dette, men dette skuldast særlege tilhøve som ikkje kan leggjast til grunn 2011.

Generelle statstilskot er integreringstilskot og ulike investeringstilskot. Integreringstilskot vert gitt for ein 5-års periode i samband med mottak av flyktningar. Første år er tilskotet kr 140.000 pr person, med ein årleg nedtrappingsplan, slik at tilskotet dei siste åra er kr 70.000 pr person.


I skjema 1B er det lagt inn utgifter som skal dekkast av dette integreringstilskotet.

Investeringstilskota er sett opp i samsvar med påreknna plan, men det er enno uvisst kva rentenivå som vert nytta for 2011. I hovudsak følgjer rentepleanen Husbanken si rente.

Utbytte frå BKK vil truleg liggja høgt i dei nærast åra, men det er samstundes knytt noko uvisse til kva som vil skje etter 2011. I budsjettet for 2011 reknar ein med eit utbytte på ca 6,8 mill, tilsvarende ordinært utbytte motteke i 2010. Ekstraordinært utbytte er ikkje teke med som inntekt i driftsrekneskapen.

Renteinntekter av bankinnskot er sett til kr 300.000 pr år. Dette er knytt til renter av innlån plassert på særvilkår og andre innskotskonti.

Rentenivået har vore svakt stigande gjennom 2010, noko diagrammet nederst på sida syner. Vi ser også at plasseringsrenta på særvilkår og Kommunalbanken si lånerente no er tilnærma like.




Hovudoversikt drift

	Budsjett 2011	Budsjett 2010 regulert	Budsjett 2010 opprinneleg	Rekneskap 2009
Brukarbetalingar	(15 083 000)	(14 872 000)	(13 766 000)	(15 703 107)
Andre sals- og leigeinntekter	(26 985 000)	(26 624 000)	(27 945 000)	(28 011 603)
Overføringar med krav til motytingar	(31 078 000)	(40 561 000)	(39 595 000)	(57 057 745)
Rammetilskot frå staten	(120 497 000)	(83 141 000)	(88 723 000)	(75 832 607)
Andre statlige overføringar	(4 349 000)	(7 496 000)	(7 986 000)	(8 474 603)
Andre overføringar	-	(580 000)	(580 000)	(589 459)
Skatt på inntekt og formue	(94 187 000)	(97 451 000)	(91 803 000)	(95 446 649)
Eigedomsskatt	(11 040 000)	(10 905 000)	(10 832 000)	(10 700 446)
Sum driftsinntekter	(303 219 000)	(281 630 000)	(281 230 000)	(291 816 219)
Lønsutgifter	167 030 000	161 854 000	154 903 000	162 118 782
Sosiale utgifter	44 985 000	43 967 000	42 367 000	42 764 901
Kjøp som inngår i kommunal prod.	38 883 000	40 310 000	38 300 000	44 415 771
Kjøp som erstattar egen prod.	14 891 000	14 461 000	14 585 000	19 386 006
Overføringar	19 242 000	14 961 000	19 909 000	14 901 734
Avskrivningar	10 952 000	10 965 000	10 965 000	10 963 921
Fordelte utgifter	2 071 000	2 071 000	2 071 000	2 344 987
Sum driftsutgifter	298 054 000	288 589 000	283 100 000	296 896 102
Brutto driftsresultat	(5 165 000)	6 959 000	1 870 000	5 079 883
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	(7 863 000)	(8 763 000)	(6 629 000)	(9 334 946)
Mottekne avdrag på lån	(60 000)	(60 000)	(60 000)	(29 650)
Sum eksterne finansinntekter	(7 923 000)	(8 823 000)	(6 689 000)	(9 364 596)
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifter	7 373 000	5 455 000	6 026 000	5 655 344
Avdragsutgifter	6 967 000	6 337 000	6 012 000	5 013 319
Utlån	60 000	60 000	60 000	37 648
Sum eksterne finansutgifter	14 400 000	11 852 000	12 098 000	10 706 311
Resultat eksterne finansieringstransaksjon	6 477 000	3 029 000	5 409 000	1 341 715
Motpost avskrivningar	(10 965 000)	(10 965 000)	(10 965 000)	(10 963 921)
Netto driftsresultat	(9 653 000)	(977 000)	(3 686 000)	(4 542 323)
Bruk av disposisjonsfond	-	-	-	(1 237 461)
Bruk av bundne fond	-	-	-	(506 574)
Sum bruk av avsetningar	-	-	-	(1 744 035)
Overført til investeringsrekneskapan	2 612 000	303 000	656 000	2 288 084
Avsetningar disposisjonsfond	-	-	-	2 405 482
Avsetningar til bundne fond	294 000	674 000	29 000	1 592 790
Sum avsetningar	2 906 000	977 000	685 000	6 286 356
Netto avsetningar	2 906 000	977 000	685 000	4 542 321
Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk	(6 747 000)	-	(3 001 000)	(2)

Utviklinga av rentenivået framover er uvisst. Lange renter er historisk låge, noko som tyder på at marknaden ventar låge renter i lang tid. Det er mogeleg å binda renta år for år fram til 2014, med ei rente i 2014 på ca 4%. Dette kan sjå freistande ut, men ingen veit som kjent kva framtida faktisk vil gi. Så langt meiner rådmannen at det har vore gunstig med flytande rente, og legg opp til dette både for 2011 og vidare i økonomiplanperioden. Det gir ei renteutvikling som denne:

2011	2012	2013	2014
3,25	3,75	4,2	4,5

Netto lånegjeld pr innbyggjar



Rentetabellen er basert på Noregs

Budsjettskjema 1A

	Budsjett 2011	Budsjett 2010 regulert	Budsjett 2010 opprinneleg	Rekneskap 2009
Skatt på inntekt og formue	(94 187 000)	(97 451 000)	(91 803 000)	(95 446 649)
Ordinært rammetilskot	(120 497 000)	(83 141 000)	(88 723 000)	(75 832 607)
Eigedomsskatt	(11 040 000)	(10 905 000)	(10 832 000)	(10 700 446)
Andre generelle statstilskot	(4 099 000)	(3 900 000)	(4 155 000)	(4 106 719)
Sum frie disponible inntekter	(229 823 000)	(195 397 000)	(195 513 000)	(186 086 421)
Renteinntekter og utbyte	(7 863 000)	(8 763 000)	(6 629 000)	(9 334 946)
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutg	7 373 000	5 455 000	6 026 000	5 655 344
Avdrag på lån	6 967 000	6 337 000	6 012 000	5 013 319
Netto finansinntekter/-utgifter	6 477 000	3 029 000	5 409 000	1 333 718
Til ubundne avsetjingar	-	-	3 001 000	2 405 482
Til bundne avsetjingar	294 000	674 000	29 000	1 592 790
Bruk av ubundne avsetjingar	-	-	-	(1 237 461)
Bruk av bundne avsetjingar	-	-	-	(506 574)
Netto avsetjingar	294 000	674 000	3 030 000	2 254 237
Overført til investeringsrekneskapen	2 612 000	303 000	656 000	2 288 084
Til fordeling drift	(220 440 000)	(191 391 000)	(186 418 000)	(180 210 383)
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	213 693 000	191 391 000	186 418 000	180 210 383
Meirforbruk/mindreforbruk	(6 747 000)	-	(3 001 000)	-

bank sin rentekurve for åra 2011 - 14, og på Kommunalbanken sine anslag for renteutviklinga i åra som kjem.

Avdragskostnaden er lagt like i overkant av krava til minsteavdrag.


Diagrammet på side 5 syner at kommunen si netto lånegjeld pr innbyggjar har auka ein dei siste åra, men ikkje meir enn kommunar vi kan samanlikna oss med. Vi ligg også lågare enn gjennomsnittet for Hordalandskommunane, unntate Bergen. Den sterke auken i lånegjelda gir grunn til uro, men neppe meir i Radøy enn i ein del andre kommunar.

Eit anna godt bilete på kommunen sin kapitalstatus, er utviklinga av arbeidskapitalen som prosentdel av netto driftsinntekter, sjå diagrammet til høgre. I 2008 hadde vi svært låg arbeidskapital samanlikna med andre kommunar, men 2009 gav ei viss betring. Samanlikna med kommune-gruppe 2 har vi likevel langt igjen.

Overføringane av momskompensasjon knytt til investeringar følgjer dei nye overgangsreglane frå 2010, slik at 40% av inntektsført momskompensasjon i 2011 skal overførast til investering. Høgt investeringsnivå i 2011 gjer at vi framleis får etter måten mykje momskompensasjon inn i drifta.

Skjema 1B (drift) syner kommunen sine netto driftsutgifter på kvar eining. Netto driftsutgifter er summen av

Arbeidskapital i % av netto driftsinntekter



driftsutgifter fråtrekt driftsinntekter.

Frå 2011 vert fleire øyremarka tilskot innlemma i rammetilskotet. Dette gjer at netto driftskostnader i skjema 1B går monaleg opp i høve til 2010.

Den viktigaste innlemminga i 2011 er **barnehagetilskotet**. Til og med 2010 fekk kommunen ordinært driftstilskot, skjønstilskot og tilskot for barn med funksjonshemming knytt til barnehagar. Desse inntektene vart ført på kvar eining og utgjorde i 2010 ca 18,2 mill. Når tilskotet no kjem i rammene, er det ikkje lengre råd å rekna ut nøyaktig kor mykje tilskot vi får. Dette skuldast måten rammetilskotet vert rekna ut på, jfr dei innleiande merknadene på side 4. Likevel kan det sjå ut til at Radøy

kommune har kome etter måten bra frå omlegginga. Dette skuldast mellom anna at vi har lågare dekningsgrad enn ein del andre kommunar. Det er likevel ein «risiko» knytt til dette, fordi vi berre vil få kompensasjon i form av auka foreldrebetaling dersom etterspurnaden etter barehageplassar aukar. Dette er ikkje noka usannsynleg utvikling, då vi ligg lågt i dekningsgrad i høve til tal born. Det kan såleis bli ei utfordring å finna driftsmidlar til nye barnehageplassar i åra som kjem.

Kvalifiseringsordninga, som vert administrert av NAV Radøy sosial, vert også lagt inn i rammetilskotet frå 2011. Uttrekket i høve til 2010 er ca kr 580.000, og omfattar både det generelle tilskotet og individtilskotet. Rådmannen vil koma attende til konsekvensane av at også individtilskotet

Budsjettskjema 1B

	Budsjett 2011	Budsjett 2010 regulert	Budsjett 2010 vedteke	Rekneskap 2009
Politisk	2 941 000	2 821 000	2 613 000	3 034 827
Sentraladministrasjonen	15 580 000	15 436 000	14 657 000	17 096 564
Kultur	2 346 000	2 154 000	2 247 000	1 775 447
Radøyhallen	1 071 000	1 403 000	1 382 000	1 591 129
Kyrkja	3 886 000	2 936 000	2 790 000	2 803 930
Fellesteneste skule/SFO/BH	3 621 000	(534 000)	(478 000)	(849 203)
Austebygd skule/SFO	6 196 000	6 242 000	5 864 000	5 801 487
Hordabø skule/SFO	9 371 000	9 213 000	8 993 000	8 820 309
Manger skule/SFO	12 029 000	12 764 000	12 911 000	13 127 289
Sæbø skule/SFO	11 865 000	11 131 000	10 970 000	10 961 358
Radøy ungdomsskule	20 306 000	21 171 000	20 091 000	20 340 644
Radøy bibliotek	1 178 000	1 164 000	1 097 000	1 033 963
Austebygd barnehage	1 830 000	551 000	250 000	348 057
Bø barnehage	5 230 000	806 000	1 222 000	1 257 683
Prestmarka barnehage	8 351 000	2 224 000	2 119 000	1 872 577
Sæbø barnehage	5 445 000	1 374 000	1 487 000	1 595 631
Radøy musikk- og kulturskule	1 494 000	1 461 000	1 443 000	1 201 382
NAV Radøy sosial	7 347 000	6 753 000	6 916 000	4 915 223
Frivilligsentralen	367 000	355 000	323 000	309 904
Helsetenester	8 117 000	7 839 000	7 977 000	7 119 387
Velferdssenteret	29 077 000	28 583 000	27 622 000	28 138 550
Heimetenesta	19 092 000	18 861 000	18 759 000	18 951 475
BF-tenesta	18 282 000	17 973 000	16 646 000	17 873 319
Radøy matsørvis	(289 000)	(326 000)	121 000	(251 359)
Radøy interkommunale busenter	3 959 000	3 920 000	4 208 000	4 139 693
Barne- og familietenesta	18 339 000	17 902 000	16 433 000	19 348 972
Plan, Næring, Teknisk	2 933 000	4 200 000	3 722 000	3 197 043
Landbrukskontor	1 075 000	-	-	-
Teknisk drift, inkl VAR-området	5 367 000	3 949 000	1 654 000	3 324 681
Reguleringspostar	(12 713 000)	(10 935 000)	(7 621 000)	(19 257 353)
SUM	213 693 000	191 391 000	186 418 000	179 622 610

er overført til rammene. I budsjettframlegget er det berre teke omsyn til at det generelle tilskotet er trekt ut.

Innan **barnevernet** er det lagt opp til eit nytt øymerka tilskot, som vil bli fordelt av fylkesmannen etter søknad frå kommunane. Tilskotet skal i hovudsak nyttast til nye stillingar i barnevernet, men det kan også søkjast om tilskot til andre tiltak, dersom barnevernet har tilstrekkeleg bemanning. Rådmannen vurderer nærare om det skal søkjast slike midlar for 2011.

Tilskotet til ressurskrevjande brukarar vert vidareført i 2011, med uendra kompensasjonsgrad på 80%. Innslagspunktet er regulert opp til kr 895.000, som skal svara til pårekna lønsvekst i 2010 på 3,45%. I budsjettet er det lagt til grunn same tilskotsbeløp som for 2010 for dei fleste einingar.

Frå 1.1.2011 vert det etablert **felles landbrukskontor** for Austrheim, Fedje

og Radøy. Netto kostnad for Radøy vil bli om lag uendra i høve til 2010, men brutto kostnad går monaleg opp, i og med at Radøy blir vertskommune. Rådmannen får fullmakt til å justera budsjettet i høve til endeleg budsjett for landbrukskontoret.

I 2010 vart **reinhaldet** for kommunale bygg på Manger lagt om, og frå 2011 vert dette lagt inn som ei eiga avdeling. Løn og reinhaldsmidlar er overført frå dei aktuelle einingane til den nye avdelinga. Dette gjeld m.a. Manger skule og Prestmarka barnehage.

I **sentraladministrasjonen** er det lagt opp til ei innsparing ved at økonomikontoret held noverande bemanning på 2,5 årsverk. Tidlegare har det vore 3 årsverk her.

Ved sørvistorget kjem det stadig nye oppgåver til, og avdelinga må tilførast nye ressursar i 2011 til ein merkantil

stilling knytt til formannskap og kommunestyre. Dette gjeld gjeld oppgåver som innkallingar, møtesekretær, møtebøker m.v. Rådmannen legg til grunn at det vert gjort tilsetjing i stillinga frå 1. august 2011.

Innan **kultur** vert det sett av kr 20.000 til leiaropplæringstiltak for lag og organisasjonar. Det vert etablert stilling som ungdomskoordinator, finansiert ved omdisponering av ressursar. Det vert sett av ytterlegare kr 100.000 til VestNorsk utvandarsenter, i tillegg til tidlegare løyvd kr 200.000. Rådmannen får fullmakt til å disponera desse midlane.

Radøy sokn har meldt om ein svært vanskeleg økonomisk situasjon. I 2005 måtte kyrkja, saman med alle kommunale einingar, tåla nedskjæringar i budsjetttrammene. Opprinneleg budsjett 2005 var såleis på 2,6 mill, men vart redusert til 2,53 mill. I 2006 vart budsjettet ytterlegare redusert

til 2,48 mill. Budsjettert overføring for 2010 var kr 2,71 mill, alstå så vidt over nivået i 2005 målt i faktisk kroner. Inntil 2007 fekk soknet også tilskot frå staten, i 2007 utgjorde dette kr 258.000. Tilskotet vart lagt inn i rammene frå 2008, men overføringa frå kommunen til soknet vart ikkje auka tilsvarende. Frå Radøy sokn ligg det føre budsjett for 2011 der det kommunale tilskotet er føresettt auka med vel 1,1 mill for å få drifta i balanse. Rådmannen går inn for at kyrkja får tilført auka driftsmidlar i 2011 med kr 950.000. Dette kjem i tillegg til ekstra løyving i 2010 på kr 146.000.

Barnehagane har i fleire år hatt ein pressa driftssituasjon, om enn med noko variasjon. tidlegare år har auka statstilskot kunna «dekkja over» dette, men når statstilskotet går inn i rammene frå 2011, vert det tydelegare kvar avvika er. Rådmannen finn å kunna tilføra kr 100.000 til auka driftskostnader i barnehagane. Innlemminga av statstilskot i rammene fører til stor auke i netto driftskostnader for kvar barnehage.

Frivilligsentralen får tilført auka ressursar til bilgodtgjersle til frivillige som kjører ut mat.

Det er sett av kr 10.000 til **helsefagpatrulje** i 2011. Vidare vil kostnadene til kjøp av institusjonsplass ved NKS Olaviken auka noko også i 2011, ca kr 220.000.

Radøy interkommunale busenter (RIB) har enno ein ledig plass, og rådmannen legg til grunn at denne plassen vert oppfylt av ein brukar frå ein annan kommune innan 1. mai 2011. Dette skal ikkje føra til nemnande auka ressursbruk, og kostnaden pr brukar skal difor gå monaleg ned. Innsparing i 2011 vert sett til kr 300.000. Samstundes vil kostnaden pr brukar koma under innslagspunktet, slik at vi taper tilskot på kr 120.000.

Innan **plan, næring og teknisk** vert ekstra midlar til brøyting i 2010 - kr 1,3 mill trekt attende. Det er lite sannsynleg med to snørike vintrar på rad. Vidare må det gjerast mindre justeringar i høve til VA-gebyr og drift av GPS-utstyr. I 2010 har PNT hatt ein pressa driftssituasjon. Nærare utgreiing om dette på

Gebyrsatsar og eigenbetaling 2011

Alle gebyr er medrekna meirverdiavgift

Renovasjon	Rabatt/ tillegg	Utan heimekomp.	Med heimekomp.
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	-400,-	2.870,-	2.370,-
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter		3.270,-	2.770,-
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	+400,-	3.670,-	3.170,-
Hytterenovasjon		1.635,-	

Vatn- avløp- og slamgebyr	Inntil 90 m ²	Over 90m ²
Årsgebyr vatn (uendra frå 2010)	1.900,-	3.564,-
Årsgebyr avløp	2.644,-	4.948,-
Årsgebyr vatn - Forsamlingshus med mindre bruksfrekvens		848,-
Vassforbruk etter målar (pr m ³) (redusert frå 2010)		14,10
Administrasjonsgebyr vassmålar (uendra frå 2010)		125,-
Tilknytingsgebyr vatn (uendra frå 2010)		18.375,-
Årsgebyr avløp - Forsamlingshus med mindre bruksfrekvens		1.178,-
Avløp - forbruk etter målar (pr m ³)		19,26
Tilknytingsgebyr avløp (uendra frå 2010)		19.875,-
Slamgebyr		1.115,-

Feiing/branntilsynsgebyr	352,50
---------------------------------	--------

Eigenbetaling pleie og omsorg	
Tenester ut over primærtjeneste og vaktmeistertjenester	275,- pr time
Mat til heimebuande	Liten porsjon kr 52,- Stor porsjon kr 59,-
- transport av mat	5,- pr porsjon
Opphald i dag/aktivitetssenter	88,- pr dag
Tryggleiksalarm	280,- pr mnd
Dagopphald i institusjon	66,- pr dag
Korttidsopphald i institusjon, inntil 60 døger pr år	125,- pr dag

Eigenbetaling praktisk bistand, herunder heimehjelp		
G-trinn	Time- pris	Maks pr månad
Inntil 2G	100,-	160,-
2-3G	100,-	750,-
3-4G	200,-	1.100,-
4-5G	250,-	1.500,-
Over 5G	300,-	1.800,-

Eigenbetaling i pleie og omsorg

Radøy kommune har vedteke å følgja helse- og omsorgsdepartementet sine til ei kvar tid gjeldande betalingsattsar. Dette gjeld betaling for praktisk bistand (for brukarar med inntekt inntil 2 G) og for dag- og korttidsopphald i institusjon.

side 16 - 18. Etter rådmannen si vurdering må eininga tilførast monaleg meir ressursar for å kunna utføra tenestene på ein tilfredsstillande måte. Det blir difor lagt inn knapt 1 mill i 2011 til nye stillingar innafor PNT. Midlane skal nyttast innafor følgjande område: KomTek, saksførebuing byg-

gesak, koordinering av prosjekt, leing av vaktmestertjenesta, energistyring av bygg og styring av alarm- og brannvarslingssystem. Rådmannen ser også trong for auka ressursar til handsaming av plan- og bygningssaker. Pårekna meirinntekter av gebyr er kr 300.000.

Reguleringspostane omfattar momskompensasjon av investeringar,

Gebyrsatsar og eigenbetaling 2011

Radøy kultur- og musikkskule	
Instrumentalkurs/vokalkurs	1.350,-
Musikkverkstad/aspirantkurs, musikkbarnehage, kunst/drama	1.250,-
Sal av timar til lag (pr time)	245,-
Søskenmoderasjon er 25%. Det vert betalt full pris for det dyraste kurset	
Barnehage	
Heildagsplass	2.330
Søskenmoderasjon er 30% og evt 50% frå og med tredje barn.	
Prisar for mat vert fastsett lokalt i kvar barnehage	
SFO	
Inntil 5 dagar pr veke	2.150,-
Inntil 4 dagar pr veke	1.800,-
Inntil 3 dagar pr veke	1.400,-
Prisar for mat vert fastsett lokalt i kvart SFO	
Søskenmoderasjon er 30%	
Radøyhallen	
Leige av idrettshall/symjehall	220,- pr. time (til lag/organisasjonar)
Leige av terapibasseng	180,- pr. time (til lag/organisasjonar)
Klippekort symjebasseng - 20 klipp	300,-
Klippekort symjebasseng - 10 klipp	150,-
Enkeltbillett vaksne	50,-
Enkeltbillett born	25,-
Born under 5 år gratis ifølgje med vaksne	
Klippekort terapibasseng - 5 klipp	220,-
Enkeltbillett terapibasseng born/vaksne	60,-
Born under 3 år gratis i følgje med vaksne	
Leige skytebane (pr år)	30.000,-

auka pensjonskostnad og avsett løns- og kostnadsvekst som enno ikkje er fordelt på einingane. Overhenget frå lønsoppgjeret 2010 er i hovudsak lagt ut på einingane. Det er sett av 3 mill til ytterlegare lønsvekst i 2011.

Pensjonskostnaden kjem til å auka noko i 2011. Prognosane frå KLP og SPK syner ein samla pårekna vekst, inkludert arbeidsgjevaravgift, på ca 1,1 mill i høve til 2010. Erfaringane syner at det gjerne vert ei justering av desse kostnadene i løpet av året, men rådmannen finn ikkje grunn til å setja av nokon ytterlegare reserve her. Rådmannen får fullmakt til å omfordela pensjonsveksten på einingane i løpet av 2011.

Det vert sett av kr ca 1,7 mill til turvande vedlikehald og til gjennomføring av tiltak knytt til branntilsyn ved kommunale bygningar. Av dette er kr 475.000 vedlikehaldsmidlar som er

inntrekk frå einingane. Midlane vert nytta etter trong og prioritering og rådmannen får fullmakt til å disponera vedlikehaldsmidlane i 2011.

Vidare er det sett av kr 750.000 til ytterlegare prisvekst i 2011, kr 60.000 til auka forsikringspremiar og kr 150.000 til kompetansehevingstiltak. Rådmannen får fullmakt til å fordela desse midlane.

Verknaden av omstillingstiltak i 2011, kr 2 mill er også lagt inn i reguleringsposten.

Skattevedtak:

Skatteøyret vert fastsett til 11,3% i 2011. Eigedomsskatten vert fastsett til 7‰, men likevel til 3‰ for bustadeigedomar og ubygde grunnstykke.

Renovasjon og slam

Representantskapen i NGIR har 25.10.2010 vedteke at renovasjonsgebyret må aukast med kr 124,-. Auken på dei einiskilde gebyra varierer frå 0,2% til 10,6%. Dei fleste abonnentane vil få ein auke på 5%. Auken er lågare enn føresett i økonomiplanen, først og fremst grunna reduserte kapitalkostnader.

Slamgebyret vert ikkje endra i 2011. Det kommunale påslag på kr 145,- for administrasjon vert ikkje auka. Rådmannen rår til at kommunen godkjenner NGIR sine vedtak for gebyr på slam og renovasjon.

Gebyret for tømning av kommunale slamavskiljarar har vore ført som ein del av slamkostnaden, men skulle vore ført i avlaupsrekneskapen. Rådmannen kjem attende til endringar som følgje av dette.

Vatn og avlaup

Budsjettet for VA-området er i all hovudsak ei vidareføring av tala for 2010. Det er ikkje lagt opp til auke i forbruks- eller tilknytingsgebyr. Vonleg vil ein få ein del nye tilknyttingar i 2011, men i budsjettet legg ein likevel opp til forsiktig vekst, på same måte som i 2010.

Både vass- og avlaupsplanane er under rullering, og når desse er godkjende, vil ein måtta justera budsjetta. Inntil vidare er det lagt til grunn investeringar på 20 mill i vatn og 6 mill i avlaup i dei komande fire åra. Dette kan gjerast utan å auka gebyrsatsane, under føresetnad at driftskostnadene held tilnærma same nivå som i 2010.

Byggesaksgebyr, oppmålingsgebyr m.v. Det vert førebels ikkje gjort endringar i desse gebyra.

Husleiger i kommunale husvære/lokale vert regulert i høve konsumprisindeksen pr 1.1.2011.

Foreldrebetaling i barnehagar er i samsvar med føringar frå departementet ikkje regulerte opp. Kommunen får tilført midlar som skal dekkja «tapet» som følgje av manglande prisregulering. Foreldrebetaling i **SFO** vert ikkje auka i 2011.

Eigenbetalinga i **Musikk- og kultur-skulen** vert ikkje auka i 2011. Det same gjeld betalingsatsane i **Radøyhallen**.

Både skule- og barnehagestrukturen i Radøy har lagt fast i mange år. Rådmannen ser ingen grunn for kommunen til å endra dette, verken på kort eller langt sikt. Føresetnaden er at kommunen legg til rette for ei rimeleg folketalsutvikling i alle krinsane.

Barnehage

I 2010 auka vi kapasiteten i barnehagane kraftig, slik at kommunen gav plass til fleire born enn dei som har krav på plass etter lova. Samstundes var dette siste året der auke i tal plassar fører til auke i overføringane frå staten. Frå 2011 går overføringane til barnehage inn i rammetilskotet på same måte som overføringane til skule har gjort i 25 år. Ettersom det direkte statstilskotet fell bort, fører dette til ein nominell vekst på kapittel 2 – oppvekst- med 17 millionar. Ei viktig utfordring i sektoren framover vert å møta ein forventa veksande etterspurnad. Denne auken vil truleg i mindre grad retta seg mot fleire plassar, og då hovudsakleg blant dei minste borna. Hovudutfordringa vert at stadig fleire barn vil ha stadig meir (heil) plass, samstundes som vi må rekna med at staten vil skjerpa krava både til kvalitet og rett til plass, når det økonomiske ansvaret for drifta no ligg direkte på kommunen. Vidare

er etterspurnaden elastisk, endringar i kontantstønaden eller i arbeidsmarknaden kan gje dramatiske utslag. Løysinga må verta at vi utviklar fleksible tilbod, der både bygg og organisering av tilbodet må kunna tilpassast nye situasjonar. Eit ledd i dette kan vera å stimulera til oppretting av private barnehagar/ familiebarnehagar.

Barnehageåret 2010/11 går det 229 born i barnehagane i Radøy, noko som er ny rekord. Denne volumauken krev auka midlar til drift utanom løn, og det er lagt inn kr 100 000 til fordeling. Prestmarka/Dale barnehage, med meir enn 6 avdelingar, vil få tilført midlar til administrative styrkingstiltak. Vidare vil sørvistorget overta post og arkiv for skular og barnehagar, noko som vil medføra ein lette i drifta for institusjonane.

Staten vidarefører i statsbudsjettet ein auke i midlar til kompetanseutvikling i barnehagen, med krav om kommunal oppfølging. Kommunen vil kjøpa naudsynte tenester hjå Nordhordland kursregion, samstundes som vi vil halda fram med lokalt utviklingsarbeid knytt til bruken av «Mange intelligensar» konseptet i barnehagane.

Mål for barnehagane


Framleis overoppfylla kravet om full barnehagedekning

Gjennomføra mål og intensjonar i den vedtekne «Kommunal rammeplan for barnehagane i Radøy».

Grunnskule

Dei siste 10 åra har elevtalsprognosane for Radøy kommune vore fallande, dvs. det vert færre elevar i framtida. Samstundes har det faktiske elevtalet vore svært stabilt. Prognosen frå januar 2005 spådde at vi dette skuleåret skulle ha 615 elevar i Radøyskulen, medan GSI (grunnskolen informasjonssystem) syner at det faktiske talet pr 01.10.10 er 662. Etter prognosen frå 2005 skulle Austebygd ha 46 elevar, Hordabø 86, Manger 135, Sæbø 141 og Radøy ungdomsskule 207 elevar skuleåret 2010/2011. Dei nyss innrapporterte GSI-tala syner derimot følgjande; Austebygd har 52 elevar, Hordabø 105, Manger 158, Sæbø 127 og Radøy ungdomsskule 220 elevar. Forklaringa på dette er at Radøy har hatt positiv flytteindeks for skuleborn dei siste 10 åra, sjølv i år der kommunen som heile opplever utflytting. Samstundes varierer flytteindeksen mykje mellom skulekrinsane, noko som fører til store variasjonar i elevtala ved kvar skule, sjølv med stabilt elevtal i kommunen. Seinaste prognose viser (som vanleg) sterkt fallande elevtal (611 skuleåret 12/13 og 599 året etter). Det er såleis

Andel born i alder 1-5 år med barnehageplass



Finansiering fordelt på foreldre, stat og kommune



Diagramma til venstre syner KOSTRA-tal for barnehage.

Det øvste diagrammet syner kor stor del av borna i alderen 1-5 år som har barnehageplass. Radøy ligg rundt 80%, med ein svak tilbakegang dei siste åra.

Nedste diagram syner korleis finansieringa er fordelt mellom foreldrebetaling, stat og kommune. Radøy har tidlegare hatt låg kommunal andel, men dette har endra seg noko i 2009.

ønskeleg med ei rask tilrettelegging av nye tomter, særleg i Sæbø og på Manger.

Det er ingen nye sentrale føringar som har direkte konsekvensar for skulebudsjettet i 2011, anna enn at leksehjelp og ein ekstra undervisningstime får heilårseffekt.

I tråd med føringar frå skuleutvalet og kommunestyret ønskjer rådmannen å styrkja den tidlege innsatsen. Dersom vi får alle med gjennom småskulen, har vi lagt eit viktig grunnlag for skulemeistring for alle elevane. Avgjerande for at ein elev kan «vera med», er at han kan lesa tilfredsstillande. Rådmanen ønskjer såleis å styrka lese/skriveopplæringa med inntil 1,5 mill, men vil samstundes endra organiseringa av

§5/spesialundervisning slik at vi dekker inn tilsvarande beløp. Rådmannen meiner vidare at det same konseptet må nyttast i arbeidet med dei framandspråklege elevane i grunnskulen. Tilbodet om særleg norskopplæring må avsluttast når dei kan følgja den vanlege undervisninga. Samstundes må ein del frigjorde midlar samlast og nyttast til å gje dei som nett har landa eit heilskapleg introduksjonstilbod. Arbeidet med å finna tenlege løysingar heldt fram.

Tala i diagrammet for spesialundervisning syner at omfanget av spesialundervisning er aukande, men med ein kraftigare auke frå eit høgare nivå i Radøy. Den vetle nedgangen vi ser dette skuleåret kan vera eit resultat av at rådmannen sette fokus på fenomenet ved

inngangen til 2010.

I grunnskulen vert etterutdanning mindre etterspurd, og staten legg opp til at innsatsen skal rettast

Mål for grunnskulen

Det skal utarbeidast ståstadsanalyse og kvalitetsmelding i 2011, og tilstandsrapporten skal utvidast i høve til 2010.

Delen av born med kritisk lese-dugleik skal reduserast med 10 prosentpoeng kvart år fram mot 2014.

Delen av elevar med spesialundervisning skal vera under det nasjonale snittet innnan 2014


Radøy skal ha færre elevar på meistringsnivå 1 i 5. klasse og nivå 1 og 2 i 8. og 9. klasse enn landssnittet, når dei nasjonale prøvane i lesing vert gjennomført hausten 2014

Rådmannen ønskjer å styrka skuleleiinga, ma. ved å vurdere alternative leiingsmodellar.


Elevtal pr skule

	2010	2011	2012	2013	2014
Austebygd skule	52	51	52	54	50
Hordabø skule	105	111	112	111	108
Manger skule	158	142	138	125	125
Sæbø skule	127	129	123	117	118
Radøy ungdomsskule	220	208	186	192	201
SUM	662	641	611	599	602

Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning



Netto driftsutgifter til grunnskuleundervisning pr innb. 6-15 år



mot kompetansegevande vidareutdanning. Dette vil føra til at arbeidsgjevar må gå inn med store ressursar mot få arbeidstakarar, men vil samstundes setja oss i stand til å raskare å oppfylla dei skjerpde kompetansekrava som er innførde på ungdomstrinnet, og no vert planlagde på barnetrin-

Diagramma til venstre syner KOSTRA-tal for skule. Tala er frå 2009, og er dei nyast tilgjengelege samanlikningstala vi har. Kommunegruppe 02 er kommunar som kan samanliknast med Radøy, etter definisjonar gitt av Statistisk sentralbyrå.

Det øvste diagrammet syner delen av elevar i grunnskulen som får spesialundervisning, som ein prosentverdi av alle elevar.

Det nedste diagrammet syner netto driftsutgifter til grunnskuleundervisning pr innbyggjar. Vi ser at kostnadene har auka etter måten mykje i 2009 samanlikna med tidlegare år. Dette gjeld for dei fleste kommunar.

net. Rådmannen vil såleis vurdera ei omlegging av bruken av kompetansemidlane i grunnskulen.

Kommunen har teke i bruk ein omfattande lokalt utvikla plan for sikring av overgangen mellom skule og barnehage, og har ein tilsvarende plan for overgangen mellom barneskule og ungdomsskule. Rådmannen meiner at desse planane vil vera viktige verktoy i arbeidet med å nå måla som Radøy kommune set seg for skulen.

Både barnehagar og skular vil halda fram å nytta brukar- og medarbeidarundersøkingar for å korrigera eigen praksis. Omgrepet «tidleg innsats» gjeld ikkje berre innsats ovanfor borna, men også ein medviten praksis for eit tettare samarbeid mellom skulen og foreldra, og for å styrkja foreldra i rolla som (hjelp-)lærer og førebilete for barna.

Rådmannen viser elles til målekorta frå dei einskilde barnehagane og skulane.



Diagramma til høgre syner KOSTRA-tal for barnevern.

Brutto driftsutgifter pr barn syner alle kostnader til tiltak, anten det er i eller utanfor heim, eller i institusjon. Som ein ser hadde Radøy særleg sterk vekst i 2008.

Nedste diagram syner tal born som har tiltak. Radøy ligg etter måten lågt på denne samanhengen. Sett i samheng med øvste diagram, kan dette tyda på at dei tiltaka ein set i verk er meir kostnadskrevjande enn i andre kommunar.

Barnevern

Som nemnt i innleiinga er rådmannen uroa over tal meldingar til barnevernet. Over 50 nye meldingar til barnevernet er svært mykje. Eit årskull i Radøy har vel 60 barn. Då vert tala sett litt i perspektiv. Hovudmeldar til barnevernet er politiet, ungdomsskulen og Salto i Knarvik. Rådmannen ønskjer å starte eit arbeid der tidleg innsats skal gi resultat. Her må alle gode krefter i kommunen arbeide i lag. Dette gjeld alle tilsette i dei ulike einingane innanfor helse og oppvekst. Store utskiftingar i bemanninga i barnevernet siste året har gitt utfordringar i høve kapasitet. Med full bemanning i barnevernet har me 4,2 stillingar. Rådmannen legg til grunn at når kontoret er fullbemanna vil kontoret ha tilstrekkelege ressursar til å ha god kvalitet på arbeidet.

Mål for barnevernet

Barn i Radøy kommune skal ha rett hjelp til rett tid.


Delmål 1 : Tidlig intervensering. Dei yngste borna skal prioritert.

Delmål 2: Hjelpetiltak som vert sett inn i familiar skal vera retta mot å setja foreldra i stand til å sjølv kunna dra omsut for borna. Det skal i minst mogleg grad brukast kompenserte tiltak.


Delmål 3: Antall ungdomsplasseringar skal ned.

Delmål 4: Born som må plassert skal i størst mogleg grad plasserast før dei vert alvorlig skeiv utvikling, dette vil ha positiv gevinst både for barnet sin utvikling og økonomisk.

Barnevern - brutto driftsutgifter pr barn



Tal born med barnevernstiltak iht tal



Nytt lovverk

I oktober 2010 vart forslag til ny Lov om kommunale helse- og omsorgstenester og forslag til ny Lov om folkehelse lagt ut til høyring. Høyringsfristen er januar 2011. Kommunen skal i framtida ha eit auka fokus på førebygging og samhandling. Kommunen skal også ha eit ansvar for folkehelsearbeidet. Kommunen skal ha eit «sørge-for-ansvar» for helse- og omsorgstenestene.

Forslagene i høringsnotatet vil gjennom Lov om kommunale helse- og omsorgstenester erstatte kommunehelsetjenestelova og sosialtjenestelova. Lov om folkehelse skal erstatte Lov om fylkeskommunen sine oppgåver i folkehelsearbeidet og enkelte bestemmelser i kommunehelsetjenesteloven. Høyringsforslaget er ei oppfølging av St.meld. nr. 47 (2008-2009) Samhandlingsreforma.

Organisering av tenestene

I tråd med måla om effektiv drift og gode tenester, har rådmannen sett ned ei arbeidsgruppe bestående av einingsleiarar frå helse og omsorg, brukarrepresentantar og tillitsvalde. Grappa er leia av ekstern konsulent. Målsettinga er å finne den mest tenlege organisasjonsstrukturen for best

ressursutnytting og god kvalitet. Vi skal mellom anna sjå på dagtilbodet i kommunen. Alder eller diagnose skal ikkje vere eit hinder for å delta i aktivitetar og ha ein meningsfylt kvardag. Dagtilbodet for utviklingshemma har fått si avdeling ved Velferdssenteret, medan brukarar innan psykisk helsevern og for demente ikkje har fullgode tilbod. Andre tema er nattevaktstenesta, vaksenpsykiatri og omsorgsbustadane. Arbeidet skal munne ut i ei strategi- og kvalitetsmelding som rådmannen vil presentere for kommunestyret våren 2011.

Kompetanse og rekruttering

Som eit ledd i arbeidet med organisering av tenestene, vil vi hausten 2010 rullere kompetanseplanen for kommunen. Målet er målretta kompetanseutvikling i einingane. Med ein oppdatert kompetanseplan har vi meir å hente på søknad av midlar hos fylkesmannen enn det vi klarer i dag.

Vi får framleis lærlingar innan helsearbeidarfaget, men vi klarar ikkje å fylle målet med 2 TAF-lærlingar og 2-3 ordinære lærlingar kvart år. Heller ikkje i år var det elevar som ønska lærlingeplass som ordinær lærling, men vi fekk ein ny TAF-lærling. Med tanke på at det nærsagt er den einaste måten vi får re-


kruttert helsefagarbeidarar på, er dette ei utvikling vi ser går i feil retning. Eit tiltak for å betre rekrutteringa er deltaking i «helsefagpatruljen», eit tiltak som i 2011 vil koste ca kr 10.000,-.

Prognosar om stort framtidig behov for arbeidskraft innan helse og omsorg og det at mange vil gå av for alderen dei næraste åra, gjer at Radøy innan få år vil oppleve stor mangel på personell. Alle tenestene innan helse og omsorg vil bli ramma av dette. Vi veit at sommaren er spesielt utfordrande når det gjeld å få nok vikarar til ei forsvarleg ferieavvikling. Vi har difor dei siste åra nytta vikarbyrå kvar sommar. Ein kan løyse akutte, forbigående utfordringar på denne måten, men det er ikkje noko god løysing på sikt. Gode tenester til brukarane heng saman med stabilt personale som kjenner både pasientane og organisasjonen dei arbeider i.

Velferdssenteret

Ved institusjonen har vi også i 2010 hatt i snitt rundt 46 pasientar, mens vi har 43 plassar. Heile 2010 har vi nytta eit dobbelt husvære i omsorgsbustadane til korttids-/avlastings-opphald, og det er per no ikkje noko som tyder

Netto driftsutgifter pleie- og omsorgstenester pr innb. over 67 år



Brutto utgifter til institusjon pr plass




Diagramma til venstre syner KOSTRA-tal for pleie- og omsorgstenester. Tala er frå 2009, og er dei nyast tilgjengelege samanliknings-tala vi har. Kommunegruppe 02 er kommunar som kan samanliknast med Radøy, etter definisjonar gitt av Statistisk sentralbyrå.

Det øvste diagrammet syner netto driftsutgifter - dvs summen av utgifter med frådrag av eigebetalingar, tilskot og refusjonar. Det nedste diagrammet syner brutto utgifter til institusjon - pr plass. Dette er i praksis tilnærma brutto driftskostnad pr bebuar på Velferdssenteret.

på at vi kan avvikle dette i 2011. Tvert om aukar pågangen etter institusjonsopphald. Vi leiger ein institusjonsplass ved Olaviken, og ein prisauke frå hausten 2010 medfører ein auke på kr 80.000,- i 2011-budsjettet.

Barne og familietenesta

Barne- og familietenesta har nye brukarar med omfattande behov innan psykisk helsevern. Vi er enno usikre på kostnadsauken på dette området i 2011. Det er innarbeidd ny turnus for jordmødrene i interkommunalt vaksamarbeid. Når Meland seier at dei vil melde seg ut frå 2011 kan dette få innverknad på våre kostnader. Helseforetaket har frå 01.01.10 ansvar for jordmorberedskap og følgjeteneste. Det er fremja sak for helseutvalet om at kommunane i Nordhordland bør stå saman og prøve å få på plass ein avtale med helseforetaket, og at alle kommunane bør vere inkludert i ei slik ordning med jordmorberedskap i regionen. Sidan Helse Bergen vektlegg «Nordhordlandsmodellen» som utgangspunkt for overføring av ansvaret for jordmorberedskapstenesta til foretaket, vil det også liggje til rette for at kommunane i denne regionen kan få på plass ein snarleg avtale.

Ved helsestasjon for unge i Knarvik bidreg Radøy i dag økonomisk i tillegg til at turnuslegen har ein fast kveld kvar tredje veke. Når Meland trekkjer seg ut av samarbeidet, vil dette kunne gjere vår andel større. Rådmannen får fullmakt til å vurdere om Radøy skal halde fram med ordninga når andre sentrale kommunar i samarbeidet trekker seg ut.

Nav Radøy sosial

Kommunen har sidan sist vedtak i kommunestyret tatt i mot 9 av inntil 15 flyktningar. Hovudtfordringane her er oppfølging og integrering, i tillegg er det meldt om 9 nye flyktningar som kjem gjennom familiegjenforening. Kvalifiseringsprogrammet omfattar no 7 personar. Auka rusproblematikk er eit anna felt der ein opplever å ikkje strekkje til med den bemanninga som er i dag. For å kunne ivareta desse oppgåvene, vil meir av dei ressursane som kommunen mottok gjennom introduksjonstilskotet bli overført NAV sosial for 2011. Det vil samstundes arbeidast med tiltak for å bevisstgjere heile kommunen på det ansvaret den har tatt på seg med å ta i mot flyktningar. Radøy kommune avventer mottak av fleire nye flyktningar, til vi ser at

mottak og integrering av dei vi har tatt i mot fungerer slik det er tenkt.

Radøy interkommunale busenter

Institusjonen har no 8 brukarar, vi har framleis plass til 9. Det skal arbeidast aktivt med å få på plass den niande brukaren så tidleg som råd er i 2011.


Førebyggjande helsearbeid

Førebyggjande helsearbeid skal i Lov om Folkehelse prioriterast. Vi har sett av kr 250.000 til Folkehelsearbeid i 2011. Organisering av dette arbeidet vil bli vurdert i gruppa for omorganisering. Midlane vert plassert under kommuneoverlegen sitt ansvarsområde.

BF-Tenesta


Det vert oppretta eit nytt tilbod for unge med utviklingshemming som skal flytte i eigen bustad. Riving av gamle doktorbustaden startar i haust, og 5 bustader skal stå ferdig 01.01.2012. Kostnader etter anbudsrunde er sett til 16 millionar, og ein reknar med tilskot frå Husbanken på rundt 3,5 millionar. Dette beløpet vil først bli utbetalt til kommunen i 2012. Tenestene vil bli samordna med tenestene til dei eksisterande 8 bustadane

Netto driftsutgifter lege/fysio/psyk pr innb



Det øvste diagrammet syner netto driftsutgifter - dvs summen av utgifter med frådrag av eigebetalingar, tilskot og refusjonar. Dette gjeld legeteneste, fysioterapi og psykiatri. Tala er i kroner pr innbyggjar. Vi ser at Radøy auka etter måten mykje i 2009.

Tal sosialhjelpsmottakarar



Det nedste diagrammet syner talet på sosialhjelpsmottakarar. Vi ser at auken i Radøy er litt høgare enn i dei andre kommunane i perioden 2007 - 2009.

i Prestbrekka/ Raunholmskogen, men med nye brukarar vil det også vere naudsynt med nye midlar til drift.

Heimetenesta

Også her merkar vi behovet for fleire institusjonsplassar i kommunen. Stadig fleire hjelpetrengande må få det dei treng i heimen, ved omsorgsbustadane bur det fleire og fleire som mottek tenester på linje med institusjonsbebuarane våre. For å møte behovet, ser vi det naudsynt å sjå på dagtilbodet vårt i 2011. Dersom vi kan opne ein dag til, kan fleire nytte seg av tilbodet. Eit fleksibelt og godt utvikla dag- (og evt kvelds?) tilbod viser seg andre stader å utsetje behov for institusjonsplass. Dette krev fleire tilsette, mellom anna aktivtør og sjåfør. Høvelege lokale til dagsenteret er også ei aukande utfordring. Arbeidsgruppa i høve organisering vil også sjå på kva kommunen har av alternative lokale til å drive eit godt dagsentertilbod.

Vi har aukande tal pasientar som treng omfattande pleie i heimen den siste tida i livet. Vi har tidlegare vurdert å nytte eit dobbelt husvære i omsorgsbustadane til palliativ behandling og

omsorg ved livets slutt, det vil seie lindrande behandling i siste fase av livet. I ein slik tilrettelagd bustad vil pasienten kunne ha familien med seg i ein heimelignande situasjon. Tilgang på lege- og sjukepleietenester vil kunne vere betre enn i heimen. Bustaden vil også kunne nyttast til avlasting og akuttstasjon for heimetenesta når den ikkje er i bruk til lindrande behandling. Vi har to sjukepleiarar med kompetanse innan palliasjon som vil kunne arbeide med dette i 2011. Det vil bli søkt fylkesmannen om tilskot til utvikling av tilbodet.

I løpet av 2010 har det vorte flytta ressursar frå BF-tenesta til heimetenesta, grunna endringar knytt til ressurskrevjande brukarar. Det er førebels usikkert korleis nettoverknaden av dette vil bli i 2011, men rådmannen legg til grunn at samla netto kostnad ikkje vil auka. Rådmannen kjem attende til saka ved regulering av budsjett for 2011.

Heimetenesta sine bilar må også skiftast ut dei næraste åra, her er lagt inn midlar i økonomiplanen for heile perioden.


Budsjettet for 2011 legg ikkje opp til

auka drift for dei fleste av einingane. Målet er likevel å gje dei rett teneste til rett person til rett tid. Vi meiner vi gjer gode tenester, noko også brukarundersøkingane for 2010 gjer oss medhald i. I den økonomiske situasjonen kommunen er inne i, er det lite rom for den store vidareutvikling av tenestene. Vi vil halde fram arbeidet med kompetanseutvikling og gode planer som ivaretar dette. Vi håper å sjå resultat av dette både på brukar- og medarbeidarundersøkingar i åra som kjem. Motiverte og engasjerte medarbeidarar, som får vere med og utvikle tenester dei trur på, kjem brukarane våre til gode.


Mål for helse og omsorg vert å koma attende til i samband med omorganiseringa av tenestene. Viser elles til målekort på einingsnivå.



Netto driftsutgifter tenester til heimebuande



Andel årsverk i PLO med fagutdanning



Det øvste diagrammet syner netto driftsutgifter - dvs summen av utgifter med frådrag av eigebetalingar, tilskot og refusjonar. Dette er tilboda som heimetenesta og BF-tenesta i Radøy tilbyr. Også barne- og familietenesta gir nokre slike tilbod. Tala er i kroner pr innbyggjar.

Det nedste diagrammet syner kor stor del av årsverka innafor pleie- og omsorgstenester i kvar kommune som har fagutdanning frå høgskule/universitet og frå vidaregåande skule. Vi ser at Radøy har høg andel med fagutdanna, men likevel lågast del med utdanning frå høgskule/universitet.

Eining for plan, næring og teknisk har hatt eit år med store utfordringar. Det vart i oktober 2010 gjennomført ei omorganisering ved eininga som mellom anna førte til at driftsleiarstillinga vart sett vakant og ein stilling frå oppmåling vart overført til teknisk drift (vatn). Samstundes har arbeidsmengda vore aukande. Nye omfattande lovverk, overføring av oppgåver frå regionalt til kommunalt nivå, aukande saksinn-gong, større investeringsprosjekt og store etterslep på vedlikehald er mellom dei faktorane som aukar det totale presset på eininga. Erfaringane frå det siste året tilseiar at eininga må tilførast personalressursar for å oppretthalde ei forsvarleg drift, både med omsyn til kvalitet, sørvisnivå, fristar og personaleforvaltning.

Driftsleiarstillinga ved eininga har stått vakant sidan driftsleiar søkte permisjon i oktober i fjor. Arbeidsoppgåvene til driftsleiar har vorte fordelt på andre personar på eininga, og spesielt byggesak har vorte råka hardt. For å klare å ivareta oppgåvene knytt til kommunale byggeprosjekt omdisponerte eininga med verknad frå 1. mai 2010 ein person frå byggesak til stilling som kommuneingeniør. Erfaringane frå 2010 visar at dei store krava som ligg til lovregulerte prosessar i samband med anbod, og til tett oppfølging av prosjekt, gjer det naudsynt med ein stillingsressurs knytt til bygg og anlegg. I tillegg er det viktig at dokumentasjonsplikta og oppfølgingsansvaret i høve veg, vatn og avlaup vert følgt opp på ein god og forsvarleg måte. Rådmannen legg difor i budsjettet for 2011 opp til at eininga vert styrka med ein stilling her.

Byggesaksavdelinga har også hatt egne utfordringar i 2010. Ny plan- og bygningslov, som vart sett i kraft 1. juli 2010, førte med seg ei auka saksinn-gong på ca 30 saker dei siste dagane i juni månad. Sakene som kjem inn etter nytt lovverk er mangelfulle i enda større grad enn tidlegare. Hausten har såleis vorte ei travel til tid. I tillegg til å handsame alle enkeltsakene, har det gått mykje tid med til å gje råd til profesjonelle aktørar i bransjen som er rådville i møte med nytt lovverk. Saksframlegg til Hovudutval for plan, landbruk og teknisk i eit stort tal dispensasjonsaker er framleis tidkrevjande arbeid. Trass i arbeidsmengda har ein berre mist delvis gebyr i ca 10 saker. Prosjekt ulovlege tiltak har tvinga seg fram både som følgje av skjerpa lov-pålagt plikt for kommunane til å følgje opp ulovlege tiltak og som følgje av en auka pågang i rapportering av ulovlege tiltak frå publikum og regionale mynde. Prosjektet gir samstundes grunnlag for auka gebyrinntekt. Nordhordland og Gulen interkommunale tilsyn (NGIT) har «lagt nede» etter at einaste tilsette slutta i stillinga i september. Frå nyttår vert lovpålagt krav om tilsynsplan og obligatoriske tilsynsområde innafor byggesak i sett kraft. Med NGIT ute av drift reknar byggesaksavdelinga med omfattande auke av arbeidsoppgåver her.

Planavdelinga er også under stort press. Rullering av Kommuneplan for Radøy er godt i gang og tek tid. Det har kome mange merknader og innspel. Reguleringsplan for ny Fylkesveg 565 Tollesahug-Soltveit med arm til Manger, reguleringsplan for fylkesveg Fv. 406 og 407 Storheim-Vetås og kommunedelplan for klima og energi

vart godkjent i 2010. Ny lokal føresegn for utslepp frå mindre kloakkanlegg er også vedtatt i 2010. Planavdelinga har mykje arbeid med private planar, både med utarbeiding av nye planar og med endring av eksisterande planar. Planavdelinga gir uttale til regionale planar. Samstundes er det alltid ei lang rekke mindre saker som skal handsamast, til dømes delingssaker og dispensasjonsaker.

Mål for PNT

Sakshandsaming på delegerte byggesaker: Vedtak innan 21 dagar (gjeld ikkje dispensasjonsaker)

Innføre mottakskontroll på byggesak – der søker får svar innan fem virkedagar om søknaden er komplett, eller mangelfull

Rullere trafikksikringsplanen i 2011

Vedtak på kommuneplanen innan inneverande valperiode

Leggje til rette for og prioritere førehandssamtalar med søkerar

Utvikle gode informasjonsrutiner retta mot innbyggjarane innanfor alle fagfelt på PNT. Spesielt fokus på informasjon på nettsida, men også annonsering i lokalavisene.

Fullføre kartlegging av vedlikehaldsbehovet på alle kommunale bygg

Andre nøkkeltal

	2006	2007	2008	2009
Innkome byggesaker		296	324	352
Handsama byggesaker	240	269	302	283
Nye bueiningar	35	45	35	54
Nye hytter	15	20	10	9
Søknader om produksjons-tilskot	160	160	156	152
Tal badande i Radøyhallen	8352	8385	8800	6900
Tal utlån biblioteket	19891	20140	21192	21236



Oppmålingsavdelinga har no eitt års erfaring med ny lov om eigedomsregistrering (matrikkellova). Ny lov fører til vesentleg meir kontorarbeid enn etter tidlegare lov, og meir arbeid som ikkje kjem direkte inn under gebyrregulativet. Arbeid med å få avslutta saker etter gamalt lovverk er også tidkrevjande. Avdelinga er godt rusta med måleutstyr, så arbeidet i marka er effektivt. Ein ser ikkje dei store feltutbyggingane komande år, så enkeltsaker vil nok vere i fleirtal. Talet på slike saker har vore stabilt dei siste 10 åra. Adresseprosjektet har strekt seg langt ut i 2010 og framleis gjenstår nokre mindre arbeid. Prosjektet skal verte ferdigstilt innan utløp av 2010. Frå 2010 vart det overført ressursar frå oppmåling til uteseksjonen mellom anna for å følgja opp prosjekt knytt til registrering av vassleidningsnett i kommunen. Dette arbeidet er satt på vent som følgje av den totale mengda oppgåver ved eininga, og ressursen er ført attende. Prosjektet vil vert teke opp att rundt årsskiftet.

Jordbrukssjefen har vore i permisjon frå august og ut året, medan skogbrukssjefen har vore konstituert som landbrukssjef. Landbruksavdelinga har stor aktivitet. Det er starta opp to bruksutbyggingar i 2010. Når det gjeld bruk

med produksjonstilskot (152 stk) heldt dette seg relativt stabilt i Radøy. Det same gjeld talet på husdyr i alle dyreslag. Det er handsama 29 søknadar om SMIL-midlar i 2010, og innafor regional miljøprogram (RMP) er det handsama 83 søknadar. Kommunen løyvde kr. 369.000 i SMIL-midlar i 2010. Landbrukskontoret arbeider aktivt med saker innafor Innovasjon Norge sine satsingsområde. Innafor skogbruket har det i 2010 vore aukande aktivitet med hogst av tømmer. Landbruksavdelinga har vore involvert i kommuneplanprosessen, og handsamar i tillegg eit stort tal saker om dispensasjon/omdisponering av jordbrusareal. I tillegg kjem mellom anna konsesjonssaker og drivepliktsaker. Radøy kommune har i 2010 vore i drøftingar med Austrheim og Fedje om felles jord-, skog- og vilforvaltning. Samarbeidet er vedteke og oppstart av eit felles landbrukskontor skal skje 1. januar 2011. Tilsettingsprosessane er starta.

Rådmannen legg i budsjett for 2011 opp til at eininga plan, næring og teknisk vert styrka med ein prosjektkoordinatorstilling. Stillinga er tenkt å bidra til å oppretthalde god framdrift i ulike prosjekt ved eininga, og til å trå til på eit kvart fagområde når presset aukar ut over normalen i periodar. Vedlikehold av adresseprosjektet og eige-

domsskatteprosjektet/KomTek ligg til stillinga. Likeins prosjekt knytt til kartfesting av vassleidningar og kummar, og prosjekt knytt til ulovlege tiltak. Rådmannen vil også bruke denne stillinga til å gå gjennom dokumentasjonen i dei ulike byggesakene allereie dei første dagane saken kjem inn. Dette for å på eit tidleg tidspunkt gi melding attende til søkjar om at søknaden er komplett, eller mangelfull.

Teknisk drift

Som tidlegare nemnt har driftsleiar hatt permisjon i eit år, og uteavdelinga har fått større ansvar for å stå på egne bein, samstundes som leiar for eininga og kommuneingeniør har delt på dei administrative oppgåvene. Organiseringa av teknisk drift blei gjennomgått hausten 2009 med sikte på effektivisering, og særleg kom det fram at me måtte få til ei betre og tydelegare «bestillingsordning». Bestillingsrutinar er no på plass. Ansvarstilhøva for dei enkelte kommunale bygg på driftsida har også vorte tydelegare. I 2011 vil me ta fatt på arbeidet med å evaluere og gjere tydleg ansvarstilhøva på veg, vatn og avløp. Arbeidet med handsaming av bestillingar, personalleing og dagleg drift har vorte omfattande og kravd store ressursar frå eining for plan, næring og teknisk. Rådmannen legg i

Hovudoversikt vatn Radøy kommune

Resultat i parantes er å forstå som overskot - fond i parantes er negative fond

År		Investering	Sum avskr	Renter	Drifts- utgifter	Inntekter	Resultat	Fond	Gebyr +/-
2009	Rekneskap	396 000	1 125 000	768 000	2 654 409	5 751 697	(1 204 288)	1 487 042	20 %
2010	Budsjett	6 000 000	1 270 000	915 000	2 500 000	5 361 000	(676 000)	2 163 042	-10 %
2011	Budsjett	5 000 000	1 385 000	1 234 000	2 500 000	5 413 000	(294 000)	2 457 042	0 %
2012	Budsjett	5 000 000	1 459 000	1 548 000	2 500 000	5 464 000	43 000	2 414 042	0 %
2013	Budsjett	5 000 000	1 550 000	1 874 000	2 500 000	5 516 000	408 000	2 006 042	0 %
2014	Budsjett	5 000 000	1 660 000	2 165 000	2 500 000	5 568 000	757 000	1 249 042	0 %

Hovudoversikt avlaup Radøy kommune

Resultat i parantes er å forstå som overskot - fond i parantes er negative fond

År		Investering	Sum avskr	Rente	Drifts- utgifter	Inntekter	Resultat	Fond	Gebyr +/-
2009	Rekneskap	378 000	610 000	414 000	1 124 450	2 590 623	(442 173)	(793 541)	20 %
2010	Budsjett	-	609 000	380 000	1 124 450	2 658 000	(545 000)	(248 541)	5 %
2011	Budsjett	3 000 000	757 000	544 000	1 124 450	2 672 000	(247 000)	(1 541)	0 %
2012	Budsjett	3 000 000	792 000	713 000	1 124 450	2 686 000	(57 000)	55 459	0 %
2013	Budsjett	-	786 000	740 000	1 124 450	2 700 000	(50 000)	105 459	0 %
2014	Budsjett	-	765 000	740 000	1 124 450	2 714 000	(85 000)	190 459	0 %

budsjettet opp til at teknisk drift vert styrka med ein administrativ stilling i 2011, slik at ein kan oppretthalde effektiv drift av eininga, og samstundes styrke eigarforvaltinga av dei kommunale bygga.

Arbeidet med kartlegging av naudsynte vedlikehaldsarbeid på dei enkelte kommunale bygg er godt i gang. Alle bygg har vore igjennom ei intern tilstandsvurdering. Det er henta inn eksterne tilstandsrapportar på Manger skule og på Helsehuset. I løpet av hausten 2010 har Nordhordland og Gulen interkommunale brannførebuande tilsyn gjennomført branntilsyn på alle kommunale bygg. Rapportane etter tilsyna stiller gjennomgåande krav om ny brannprosjektering og utbetring av bygga. Dette arbeidet må ein ta fatt på tidleg i 2011. Det er ynskjeleg å få på plass ein brann- og vedlikehaldsplan for kommunale bygg, for betre å kunne planleggje vedlikehald og prioritere naudsynte oppgåver. Av større vedlikehaldsarbeid som er lagt inn i budsjettet for 2011, er bygningsmessig og brannteknisk oppgradering av Radøy ungdomsskule og nokre oppgraderingar på Helsehuset. Det vil verte naudsynt med stor løyvingar knytt til vedlikehald av kom-

munale bygg i kommande år, både for å ta i vare dei store verdiane som ligg i bygningsmasena og for å ta i vare tryggleiken for brukarane.

Radøy arbeidssenter er bort i mot ferdigstilt og er tatt i bruk. Oppgradering på kommunalt kjøkken vert etter planen ferdigstilt medio november 2011. Prosjektet «Møteplass for ungdom» har endra form frå eit sjølvstendig bygg til et tilbygg internt i Radøyhallen. Prosjekteringa er ferdigstilt og det er klart for utlysning av anbod på utføring. Det største kommunale byggeprosjektet som er starta i 2010 er nye omsorgsbustader i Prestbrekka. Det har kome inn 7 gode totalentreprisar og det har vore ein omfattande jobb å velje ut det beste prosjektet. Arbeidsgruppa for Manger skule har vedteke at det skal lysast ut arkitektkonkuranse for oppgradering/ombygging av skulen.


Innan vatn og avløp vil det verta sett fokus på betre oppfølging av vedlikehaldet også i 2011. Arbeidet med skifte av nokre eldre leidningar og kummar er sett i gang. Ringleidningen frå Ulvatn via Kartveit til Manger har vorte forseinka, men er no ferdigstilt. Prosjekt knytt til gjennomgang og kartregistrering av leidningar og

kummar skal setjast i verk. Ansvar og rutinar knytt til vassverket vil verte evaluert tidleg i 2011, likeins trong for vedlikehald. Plan for vassutbygging og plan for avløp er under revisjon. Desse kan gje eit godt grunnlag for utbygging og oppgradering i åra som kjem. Det er viktig at dette vert sett i nøye samanheng med gebyra, slik at kommunen vedtek realistiske planar.

Kommunale vegar har fått tilført bra med midlar i fleire år og standarden har vorte heva, men det vil alltid vera vegar som treng midlar til opprusting. Det vert såleis sett av 1 mill til standardheving også i 2011.



Årsgebyr avløp



Årsgebyr vatn




Diagramma til venstre er basert på KOSTRA-tal frå 2009. Vi ser at Radøy så langt har lagt høgt på avløpsgebyr.

Årsgebyr vatn ligg meir på «normalen», og faktisk under kommunegruppe 2.

Hovedoversikt investering

	Budsjett 2011	Budsjett 2010 regulert	Budsjett 2010 opprinneleg	Rekneskap 2009
Sal av driftsmidler og fast eiendom	(2 000 000)	(4 000 000)	(4 000 000)	(2 635 067)
Andre salsinntekter	(187 000)	(250 000)	(250 000)	(180 450)
Overføringer med krav til motyting	-	(2 800 000)	(2 800 000)	(3 397 225)
Andre overføringer	(2 700 000)	(2 330 000)	-	(4 706 772)
Sum inntekter	(4 887 000)	(9 380 000)	(7 050 000)	(10 919 514)
Lønsutgifter	-	-	-	565 668
Sosiale utgifter	-	-	-	148 403
Kjøp av varer og tenester som inngår i komm. ei.	42 570 000	15 928 000	23 950 000	32 322 335
Kjøp av tenester som erstatter kommunal eigenø.	852 000	1 150 000	1 150 000	39 274
Renteutgifter, provisjonar og andre finanskostna	-	90 000	-	8 471 586
Overføringer	-	-	-	248 396
Fordelte utgifter	-	-	-	240 000
Sum utgifter	43 422 000	17 168 000	25 100 000	42 035 662
Avdragsutgifter	-	-	-	1 712 416
Utlån	3 000 000	3 000 000	3 000 000	7 328 065
Kjøp av aksjar og andelar	600 000	500 000	500 000	534 531
Dekking av udekket frå tidlegare år	-	-	-	6 820 144
Avsett til bundne fond	-	-	-	2 261 776
Sum finansieringstransaksjonar	3 600 000	3 500 000	3 500 000	18 656 932
Trong for finansiering	42 135 000	13 242 000	21 550 000	49 773 080
Bruk av lån	(39 523 000)	(12 939 000)	(20 894 000)	(39 154 453)
Mottekne avdrag på utlån	-	-	-	(2 014 400)
Overføringer frå driftsrekneskapen	(2 612 000)	(303 000)	(656 000)	(2 288 084)
Bruk av disposisjonsfond	-	-	-	(452 236)
Bruk av ubundne investeringsfond	-	-	-	(1 019 677)
Bruk av bundne fond	-	-	-	(4 844 230)
Sum finansiering	(42 135 000)	(13 242 000)	(21 550 000)	(49 773 080)
Udekket/udisponert	-	-	-	-

Budsjettskjema 2A

	Budsjett 2011	Budsjett 2010 regulert	Budsjett 2010 opprinneleg	Rekneskap 2009
Investeringar i anleggsmidler	44 022 000	17 668 000	25 600 000	42 321 797
Utlån og forskutteringar	3 000 000	3 000 000	3 000 000	7 328 065
Avdrag på lån	-	-	-	1 960 812
Dekking av udekket frå tidlegare år	-	-	-	6 820 144
Avsetningar	-	-	-	2 261 776
Trong for finansiering i året	47 022 000	20 668 000	28 600 000	60 692 594
Bruk av lånemidler	(39 523 000)	(12 939 000)	(20 894 000)	(39 154 453)
Inntekter frå sal av anleggsmidler	(2 000 000)	(4 000 000)	(4 000 000)	(2 635 067)
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	-	(2 800 000)	(2 800 000)	(5 411 625)
Andre inntekter	(2 887 000)	(2 580 000)	(250 000)	(4 887 222)
Sum ekstern finansiering	(44 410 000)	(22 319 000)	(27 944 000)	(51 963 642)
Overført frå driftsbudsjettet	(2 612 000)	(303 000)	(656 000)	(2 288 084)
Bruk av avsetjingar	-	-	-	(6 316 144)
Sum finansiering	(47 022 000)	(22 622 000)	(28 600 000)	(60 567 869)
Udekket/udisponert	-	(1 954 000)	-	-

Budsjettskjema 2B	Budsjett 2011	Budsjett 2010 regulert	Budsjett 2010 opprinneleg	Rekneskap 2009
Utskrifning av bilar	500 000	-	-	-
Kulturminnevern	100 000	-	-	-
Bygdebok	852 000	985 000	1 150 000	1 284 291
Ungdommens hus	-	900 000	3 200 000	122 803
Radøyhallen oppgrad. 2006-09	-	-	-	35 625
Rehabilitering terapibasseng	-	-	-	1 305 497
ENØK-tiltak Radøyhallen	-	-	-	169 220
Utskifting filteranlegg hovedbasseng	-	850 000	-	-
Sæbø kyrkje oppgradering 2007-10	-	-	-	661 188
Måling kyrkjer	350 000	350 000	350 000	-
Varmeplan kyrkjer	70 000	-	-	-
Sæbø kyrkjegard	-	90 000	-	88 812
Datautstyr	-	1 000 000	1 000 000	-
Agresso Månadsrapportering	-	-	-	135 688
Skule/barnehageadm program	-	-	-	93 683
AD-prosjekt	-	-	-	168 265
Mindre investeringar	1 000 000	500 000	500 000	-
Austebygd skule lager	-	-	-	277 952
Manger skule kjøkken	-	-	-	41 250
Manger skule tilbygg	-	-	-	66 570
Manger skule utbygging	6 000 000	500 000	200 000	-
Utbygging Sæbø skule	-	-	-	27 326 307
Oppgradering Radøy ungdomsskule 2010	3 000 000	500 000	500 000	-
Bø barnehage oppgradering 2010	500 000	1 000 000	1 000 000	-
Nye plassar avd Dale	-	100 000	-	-
Ombygging Sæbø barnehage 2009	-	-	-	1 117 503
Fysioterapi ombygging	-	-	-	380 064
Velferdssenteret utbygging 2007-09	-	-	-	3 515 238
Oppgradering kjøkken	-	800 000	-	-
Trygdebustader Lunde	-	-	-	88 596
Omsorgsbustader Prestbrekka	15 000 000	1 000 000	6 000 000	-
Radøy arbeidssenter	-	1 275 000	-	2 977 178
GPS utstyr	-	-	-	198 465
Startlån (lån)	3 000 000	3 000 000	3 000 000	4 530 316
Startlån (fond)	-	-	-	5 131 214
Rådhuset fasade	500 000	-	-	-
Helsehuset ombygging	2 000 000	-	-	-
Industriområde	-	-	-	62 500
Austmarka øvre	4 000 000	-	4 000 000	-
Dugnadsanlegg	200 000	-	-	-
Aggregat Kolåseidet	-	-	-	146 000
Vassprosjekt 2007-10	5 000 000	6 000 000	6 000 000	-
Ringleidning Kartveit - Kolåseidet	-	-	-	250 355
Bil SU4205 - kloakk og vaktmesterteneste	-	118 000	-	-
Kloakk oppgradering 2007-10	3 000 000	-	-	377 681
Brannvernustyr	150 000	-	-	-
Oppgraderingar 2008-10	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 044 932
Kjeneskrysset	-	-	-	100 000
Trafikksikring	200 000	200 000	200 000	-
Finanstransaksjonar	600 000	500 000	500 000	8 995 401
	47 022 000	20 668 000	28 600 000	60 692 594

Investeringsoversynet indikerer at kommunen held oppe eit høgt investeringsnivå også i 2011, med samla investeringar på ca 47 mill.

Ca 83% av investeringane vert finansiert ved låneopptak. Bruken av lånemidlar er høg, men ca 9 mill av dette er overførte lånemidlar frå 2010. Trongen for opptak av nye lån er såleis 3 mill til startlån og 27,5 mill til andre investeringar.

Det er føresett sal av kommunale eigedomar på 2 mill, og omfram utbyte frå BKK på 2,7 mill.

Rådmannen syner elles til utgreiinga knytt til driftsbudsjettet, og peikar igjen på at lånegjelda til kommunen held fram med å auka, noko som over tid reduserer den økonomiske handlefridomen.

Radøy kommune har ei rekkje bilar, og trongen for utskifting av fleire av desse vert stadig meir påtrengjande. I 2011 vert det sett av kr 500.000 til utskifting av bilar. Rådmannen får fullmakt til å prioritera bruken av desse midlane.

Det vert avsett kr 100.000 til investering i lulturminnevern.

Rådmannen held fast ved at bygdeboka blir ført som investering, i samsvar med tidlegare føringar frå kommunestyret, trass i at kontrollutvalet har tilrådd at bygdeboka skal først i drift.

Rådmannen legg til grunn at bygdeboka ikkje skal finansierast ved låneopptak i 2011. Investeringskostnadene er i samsvar med vedteken plan.

Vidare vert det sett av kr 70.000 til ein tiltaksplan for varmesystem i Manger og Hordabø kyrkje, og kr 350.000 til måling av kyrkjer i 2011. Dette er i samsvar med gjeldande i økonomiplan.

Tidlegare år har ein hatt ein post til datainvesteringar og ein post til mindre investeringar. Desse vert no slegne saman til ein post, samla på 1 mill.

Ei prosjektgruppe er i arbeid med rehabilitering av Manger skule. Det vert sett av 6 mill til å starta rehabiliteringsarbeid hausten 2011, med slutføring i 2012. Det skal leggjast fram prosjektrekneskap på dette rehabiliteringsarbeidet.

Oppføring av nye bustader til personar med særlege behov skal etter planen setjast i gong mot slutten av 2010, og slutførast i 2011. Det vert sett av 15 mill, som skal dekkja brutto investeringskostnad. Det skal leggjast fram prosjektrekneskap for dette prosjektet. Det vert rekna med investeringstilskot frå Husbanken til dette prosjektet, men desse midlane vil først koma i 2012. Det er teke omsyn til dette i økonomiplanen.

Det vert vidare sett av kr 3 mill til rehabilitering og oppgradering av Radøy

ungdomsskule.

Det vert også sett av kr 500.000 til oppgradering av Bø barnehage. Ved helsehuset er det stor trong for oppgradering. Det er gjort ei nærare vurdering av behovet, men rådmannen finn ikkje å kunna starta full rehabilitering slik det er skissert. Det vert sett av kr 2 mill i 2011 til utbetaling av taket.

Rådhuset treng utbetaling. I denne omgang er det sett av midlar til inngangspartiet, utbetaling av fasaden og evt utskifting av vindauge. Rådmannen finn å kunna setja av kr 500.000 til føremålet.

Det vert også sett av midlar til nytt brannvernustyr, kr 150.000.

Innan vatn og avlaup legg ein førebels til grunn vedteken økonomiplan, i påvente av rulleing av vass- og avlaupsplanane. Det vert sett av kr 200.000 til dugnadsanlegg i 2011.

Det vert også sett av kr 200.000 til trafikksikringstiltak i 2011.

Finanstransaksjonar er innbetaling av eigenkapitaltilskot til KLP.



Det prosjekterte nybygget i Prestbrekka

Økonomiplan skjema 1A

	B 2011	B 2012	B 2013	B 2014
Skatt på formue og inntekt	(101 992 000)	(101 992 000)	(101 992 000)	(101 992 000)
Rammetilskot	(112 692 000)	(113 408 000)	(113 408 000)	(113 408 000)
Eigedomsskatt	(11 040 000)	(11 175 000)	(11 310 000)	(11 445 000)
Andre generelle statstilskot	(4 099 000)	(3 785 000)	(3 520 000)	(3 294 000)
Sum frie disponible inntekter	(229 823 000)	(230 360 000)	(230 230 000)	(230 139 000)
Renteinntekter og utbyte	(7 863 000)	(7 980 000)	(8 210 000)	(8 346 000)
Renteutgifter, provisjonar og andre fin	7 373 000	8 844 000	9 358 000	10 252 000
Avdrag på lån iht låneoversyn	6 967 000	8 263 000	8 595 000	8 801 740
Netto finansinntekter/-utgifter	6 477 000	9 127 000	9 743 000	10 707 740
Til dekking av rekneskapsm. meirforbr	-	-	-	-
Til ubundne avsetjingar	-	-	-	-
Til bundne avsetjingar (VA)	294 000	56 000	50 000	85 000
Bruk av ubundne avsetjingar	-	-	-	-
Bruk av bundne avsetjingar (VA)	-	(43 000)	(408 000)	(757 000)
Netto avsetjingar	294 000	13 000	(358 000)	(672 000)
Overført til investering	2 612 000	1 140 000	240 000	-
Til fordeling drift	(220 440 000)	(220 080 000)	(220 605 000)	(220 103 260)
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	213 693 000	214 157 000	215 491 000	215 525 000
Meirforbruk (mindreforbruk)	(6 747 000)	(5 923 000)	(5 114 000)	(4 578 260)

Økonomiplan skjema 1B

	B 2011	B 2012	B 2013	B 2014
Politisk	2 941 000	2 821 000	2 971 000	2 821 000
Administrasjon	14 974 000	14 974 000	14 974 000	14 974 000
Kultur, kyrkje, bibliotek, musikkskule	10 342 000	10 342 000	10 342 000	10 342 000
Skule, barnehage, SFO	84 244 000	84 244 000	84 244 000	84 244 000
NAV Sosial	7 347 000	6 897 000	6 547 000	6 347 000
Helse	8 117 000	8 117 000	8 117 000	8 117 000
Pleie og omsorg	70 134 000	69 914 000	69 914 000	69 914 000
Barne- og familietenesta	18 339 000	18 339 000	18 339 000	18 339 000
Plan, næring, teknisk	9 968 000	9 901 000	9 835 000	9 769 000
Reguleringspostar	(12 713 000)	(11 392 000)	(9 792 000)	(9 492 000)
Til skjema 1A	213 693 000	214 157 000	215 491 000	215 525 000

Økonomiplanen tek utgangspunkt i budsjettet for 2011, og framskrivne tal for skatt og rammetilskot etter KS-modellen.

Rentenivået følgjer tabellen på side 5 i budsjettdokumentet.

Som det går fram av tala, er det ikkje lagt opp til store endringar i drifts-omfanget i åra som kjem. Dei største endringane skriv seg frå aukande rentenivå, og redusert momskompensasjon frå investeringar i drifta. Dette at kommunen sin handlefridom vert sterkt avgrensa i åra som kjem. Råd- mannen vil difor heile tida ha fokus på nøktern drift.

Det har kome signal om at pensjons-

premien vil auka mykje i 2012 som følgje av endra føresetnader for utrekning av premie. Pensjonskostnaden som skal førast i rekneskapen endrar seg truleg lite, men auka premie fører til auka likviditetspress.

Kravet til at økonomiplanen skal gå i balanse i planperioden er ivareteke.

Investeringane i økonomiplanperioden går monaleg ned. Største post er rehabilitering av Manger skule, det det vert sett av kr 8 mill i 2012. Bygdeboka held fram, og det er sett av midlar i samsvar med prosjektplanen.

Mindre investeringar vert vidareført med kr 1 mill pr år.

I 2012 vert det sett av kr 500.000 til utskifting av varmesystem i Manger og Hordabø kyrkje. Dette er eit førebels tal, og vil måtta justerast i høve til faktisk trong for investering.

Vidare er det sett av midlar til utskifting av kyrkjegardsbil og gravemaskin i 2012.

I 2014 er det sett av 2,5 mill til kjøp av ny brannbil.

Det er også sett av midlar til utskifting av bilar både i heimetenesta og teknisk kvart år i planperioden.

Økonomiplan skjema 2A

	B 2011	B 2012	B2013	B2014
Investeringar i anleggsmidlar	44 022 000	20 232 000	9 152 000	11 882 000
Utlån og forskutteringar	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
Avdrag på startlån				
Udekket i investering frå tidl. år				
Trong for finansiering i året	47 022 000	23 232 000	12 152 000	14 882 000
Bruk av lånemidlar	(39 523 000)	(18 405 000)	(11 725 000)	(14 695 000)
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	(2 000 000)			
Refusjonar og tilskot	-	(3 500 000)	-	-
Tilskot frå andre				
Andre inntekter (bygdebok + BKK)	(2 887 000)	(187 000)	(187 000)	(187 000)
Sum eksternt finansiering	(44 410 000)	(22 092 000)	(11 912 000)	(14 882 000)
Overført frå drift	(2 612 000)	(1 140 000)	(240 000)	-
Bruk av avsetjingar				
Sum finansiering	(47 022 000)	(23 232 000)	(12 152 000)	(14 882 000)
Udekket/udisponert	-	-	-	-

Økonomiplan skjema 2B

Prosjekt	Sum 2011 -				
	2014	B 2011	B 2012	B 2013	B 2014
Kulturminnevern	100 000	100 000			
Bygdebok	3 868 000	852 000	1 082 000	852 000	1 082 000
Møteplass for ungdom	-				
Sandfilter Radøyhallen	-				
Kyrkja - varmesystem	500 000		500 000		
Sæbø kyrkjegard	-				
Måling kyrkjer	350 000	350 000			
Tiltaksplan oppvarming kyrkjer	70 000	70 000			
Ny gravemaskin og kyrkjegardsbil	350 000		350 000		
Datautstyr	-	-	-	-	-
Mindre investeringar	4 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Manger skule	14 000 000	6 000 000	8 000 000	-	
Ny bustader BF	15 000 000	15 000 000			
Oppgr Radøy ungdomsskule	3 000 000	3 000 000			
Oppgr Bø barnehage	500 000	500 000			
Tilbygg Prestmarka barnehage	-	-	-	-	
Oppgradering kjøkken	-				
Radøy arbeidssenter	-				
Helsehuset - oppgradering	2 000 000	2 000 000			
Rådhuset - fasade	500 000	500 000			
Austmarka øvre	4 000 000	4 000 000			
Utsifting av bilar	2 000 000	500 000	500 000	500 000	500 000
Ny brannbil	2 500 000				2 500 000
Brannvernustyr	150 000	150 000			
Startlån	12 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
Dugnadsanlegg	200 000	200 000			
Vassprosjekt	20 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000
Kloakk oppgradering iflg handlings	6 000 000	3 000 000	3 000 000		
Kommunale vegar oppgradering	3 000 000	1 000 000		1 000 000	1 000 000
Trafikksikring	800 000	200 000	200 000	200 000	200 000
Eigenkapitalinnskot KLP	2 400 000	600 000	600 000	600 000	600 000
Sum investering	97 288 000	47 022 000	23 232 000	12 152 000	14 882 000

